

## KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 1148/2005

2009/EØS/9/17

av 15. juli 2005

**om endring av vedlegg I til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse, med omsyn til penetramat\***

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 2377/90 av 26. juni 1990 om en framgangsmåte i Fellesskapet for fastsettelse av maksimumsgrenser for restmengder av veterinærpreparater i næringsmidler av animalsk opprinnelse<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 2,

medtilvising til fråsegna frå Deteuropeiske lækjemiddelkontoret, som er gjeven av Utvalet for veterinærpreparat, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Alle farmakologisk verksame stoff som vert nytta i Fellesskapet i veterinærpreparat som skal tilførast dyr som er meinte for næringsmiddelproduksjon, skal vurderast i samsvar med forordning (EØF) nr. 2377/90.
- 2) Penetramat er ført opp i vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 for musklar, feitt, lever og nyrer frå storfe og svin, og for mjølk berre frå storfe. Denne oppføringa bør utvidast til alle pattedyrartar som vert nytta til produksjon av næringsmiddel.

Ho skal nyttast frå 14. september 2005.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 15. juli 2005.

- 3) Forordning (EØF) nr. 2377/90 bør difor endrast.
- 4) Det bør fastsetjast ein tilstrekkeleg lang frist før denne forordninga tek til å gjelde, slik at medlemsstatane, for å ta omsyn til føresegnene i denne forordninga, får høve til å gjere naudsynte tilpassingar i løyva til å marknadsføre dei aktuelle veterinærpreparata som er gjevne i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/82/EF av 6. november 2001 om innføring av et fellesskapsregelverk for veterinærpreparater<sup>(2)</sup>.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for veterinærpreparat —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1*

Vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90/EF vert endra i samsvar med vedlegget til denne forordninga.

*Artikkel 2*

Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

*For Kommisjonen*

Günter VERHEUGEN

*Visepresident*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 185 av 16.7.2005, s. 20, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 24/2006 av 10. mars 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 28 av 1.6.2006, s. 9.

(<sup>1</sup>) TEF L 224 av 18.8.1990, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 869/2005 (TEU L 145 av 9.6.2005, s. 19).

(<sup>2</sup>) TEF L 311 av 28.11.2001, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 2004/28/EF (TEU L 136 av 30.4.2004, s. 58).

## VEGLEGG

I vedlegg I til forordning (EØF) nr. 2377/90 vert følgjande stoff sett inn:

1. Anti-infektiva
- 1.2. Antibiotika
- 1.2.1. Penicilliner

Farmakologisk virksomme stoffer	Restmarkør	Dyreart	MRL	Målvev
<b>«Penetamat</b>	Benzylpenicillin	Alle pattedyrarter som brukes til produksjon av næringsmidler	50 µg/kg	Muskler
			50 µg/kg	Fett
			50 µg/kg	Lever
			50 µg/kg	Nyrer
			4 µg/kg	Melk»